




Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO



Dykkar ref.: Vår ref.: 07/320-6 Arkivkode: K2-K61 Dato: 14.11.2009

Forslag til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i Hardangerfjorden

- Uttale frå Granvin herad:

1. Granvin herad vil at forvaltninga av Hardangerfjorden skal ha som overordna mål å ivareta bærekraftige villfiskstammer og at fjorden også i framtida er eit sentralt og attraktivt element i verdens beste reisemål – ”Dei norske fjordene”. Hovudfokus i forvaltninga av Hardangerfjorden må vera villaksen og sjøauren.
2. Det må utformast klare og målbare miljømål for Hardangerfjorden, som føreslege i oversendingsbrev frå Fiskeridirektoratet til Fiskeri og Kystdepartementet.
3. Forvaltninga av Hardangerfjorden må organiserast slik at overordna ansvar kjem klart fram. Oppdrettsnæringa og villfiskinteressene må i planprosesser m.v. delta som likeverdige partar.
4. Det må setjast inn nok ressursar til hyppige kontroller av oppdrettsanlegga og målretta tiltak mot lakselusa. Tiltak mot oppdrettsnæringa i forhold til brot på miljøregler må kritisk reviderast i forhold til sette miljøkrav.
5. Med den prekære situasjonen for villaks – og sjøaurestammene i Hardangerfjorden må det på ny vurderast om eit produksjonstak på 50.000 tonn oppdrettsfisk er for høgt.

Bakgrunn for uttalen:

Fiskeri- og kystdepartementet vil setja særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Det er lagt fram forslag til forskrift for dette med høringsfrist 18. nov. 2009.

Kort fortalt handlar høyringsbrevet om fylgjande:

- Det geografiske og saklige virkeområdet for forskrifta
- Regler om tak på biomasse
- Krav om godkjenning frå Mattilsynet før flytting av fisk
- Krav til brønnbåtar

Hardangerfjorden er eit område som har spesielle utfordringar. Det er mange lokalitetar i bruk for oppdrett med ein stor biomasse oppdrettsfisk. Produksjonen av oppdrettsfisk er meir enn dobla sidan 1997. Forholda for oppdrett av laks i fjorden er svært gunstige, og mange selskap ynskjer å flytte inn meir produksjon til dette området.



Hardanger

Postadresse:
Postboks 13
5733 Granvin

Internettside:
www.granvin.kommune.no

Telefon:
56 52 40 00

Org.nr.:
844162502

Telefaks:
56 52 40 01

Bankontnr.:
6501 05 67305

E-post:
postmottak@granvin.kommune.no

Postgirokontnr.:
0803 5786504

Hardangerfjorden er samtidig ein av dei viktigaste fjordane for villaks i Hordaland. Tilstanden for laksebestanden er no svært vanskelig og sjøaurebestanden i Midtre Hardangerfjord er på eit svært lågt nivå. Det er fagleg semje i forskingsmiljø og forvaltninga om at lakselus og rømt oppdrettsfisk er viktigaste årsak til problem for vill laks og sjøaure i dette området.

Fiskeri- og kystdepartementet vurderer det slik at situasjonen i Hardangerfjorden krev spesielle forvaltningsgrep. Departementet gav difor i april 2008 Mattilsynet og Fiskeridirektoratet ein instruks om særskilde tiltak innanfor Hardangerfjorden med formål å "fryse" situasjonen. Det vart gjort ei forskriftsendring som ikkje gjorde det mogeleg å setja inn større biomasse i Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet fekk også i oppdrag å utarbeida eit forslag til forskrift om nytt forvaltningsregime i fjorden. Dermed starta "Prosjekt bærekraftig oppdrett på Vestlandet".

Uavhengig av forslaget til ny Hardangerfjordforskrift, arbeider oppdrettsnæringa med å få på plass betre lokalitetsstruktur i området, bl.a. for å redusere risiko for spreining av sjukdom. Departementet meiner på denne bakgrunn at det vil være uheldig å gje nye løyve til marin fisk i Hardangerfjorden og foreslår derfor å stoppa ny tildeling av løyve i område. Løyve til havbruk med laks, aure og regnbueaure er avgrensa til to nivå:

- Selskapsnivå, dvs. kor stor biomasse selskap har lov til å ha i sjøen til kvar tid
- Lokalitetsnivå, dvs. kor stor biomasse selskap kan ha på den enkelte lokalitet til ei kvar tid.

Formålet med den nye forskrifta er å stoppa ny oppbygging av produksjonskapasitet innanfor virkeområdet til forskrifta. Det vil saman med forslag om reduksjon av tak på biomasse i Hardangerfjorden, nye reglar for kontroll av lus i akvakulturanlegg og Mattilsynets avlusingskampanje, i sum hjelpa til at lusepresset på ville bestand av laksefisk kan avta.

Når det gjeld området Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda har det vore eit ynskje å bruka dette området eksklusivt for stamfiskproduksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunane innerst i Hardanger ynskjer ikkje at det vert etablert havbruk i dette området, og har ikkje område avmerka for havbruk i kommuneplanane (med unntak av nokre område for skjeldyrking). Heller ikkje Fylkesmannen ynskjer oppdrettsanlegg i dette området. Departementet føreslår på bakgrunn av dette at det ikkje skal være mogeleg å gje dispensasjon til nye eller utvida lokalitetar i kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda.

Tak på biomasse for laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjorden.

Instruksen forbyr etablering eller utviding av lokalitetar i Hardangerfjorden. Likevel kan produksjonen auka innafor dei lovlege rammene som gjeld i dag. Fiskeri- og kystdepartementet meiner ein slik auke i produksjonen vil være uheldig og ikkje i samsvar med det "frysvedtaket" skal ivareta. Tal frå Fiskeridirektoratet viser at det ikkje på noko tidspunkt i 2008 stod meir enn 48357 tonn fisk i Hardangerfjorden. I forslaget til forskrift, §6 føreslår difor departementet at summen av produksjonsløyver på selskapsnivå i Hardangerfjorden frå 1. oktober 2011 ikkje skal overstiga 50.000 tonn, noko som vil gje ein reduksjon på ca. 20.000 tonn i høve til total tildelt produksjonskapasitet i Hardangerfjorden.

Kommentarar, sitert frå "Hardangerfjord villfisklag":

Havforskningsinstituttet gjorde alt i 2004 ei utgreiing i samband med Nasjonale Laksefjordar, her kjem det fram at produksjonsmengda av laksefisk i Hardangerfjorden var for høg og utanfor bærekraftig nivå. Då var det halvparten av mengda oppdrettsfisk som ein finn i fjorden i dag. I sitt forvaltningsråd seier HI at stoda for dei ville bestandane av laks og sjørret i Hardangerfjorden er alvorleg. *"Antall gytefisk er betydeleg redusert, og den store andelen oppdrettsfisk er foruroligende med tanke på framtidig genetisk utvanning av den lokale*

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.:	Bankkontonr.:	Postgirokontonr.:
Postboks 40	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504
5733 GRANVIN					

e-post: postmottak@granvin.kommune.no

bestanden. Data tyder også på at sjøoverlevingen for laks og ørret er lavere enn i andre sammenlignbare regioner. Basert på den relativt gode dokumentasjonen av mengden lakselus som blir produsert i området, andel av vill laks og ørret med betydeleig lakselusinfeksjon samt kunnskapen om lakselusen sin innvirkning på fiskens overleving, er det ganske klart at oppdrettsvirksomheten må ta en betydelig del av ansvaret for den kritiske situasjonen for de ville bestander av laks og sjøørret i Hardangerfjorden. Et naturlig tiltak for å styrke bestandene vil derfor være å redusere infeksjonspresset frå lakselus produsert i oppdrettslaks i området, eller ved å redusere nivået av lakselusinfeksjon i oppdrettsbestanden.”

Forslaget om å fryse biomassen på 50.000 tonn har ein historisk erfaring for ikkje vil ha nødvendige positive effektar for dei ville bestandane.”

Brønnbåt og transport av fisk

Flytting av fisk som er i sjøen er ein risikofaktor for utbrot og spreing av sjukdom.

Departementet føreslår derfor i §8 at Mattilsynet skal verta varsla og gje godkjenning før flytting av fisk. Målet med denne meldeplikta er at Mattilsynet, i tillegg til risiko for spreing av nyresjukdommen PD (Pancreas disease), skal vurdere søknad om flytting opp mot risiko for spreing av lakselus.

Økonomiske og administrative konsekvenser

Auka fokus i dette området må føra til meir kontroll innafor enn utafør Hardangerfjorden. Auka tilsyn med lusenivå vil gje større arbeidsmengde for Mattilsynet. Vidare må det lagast system og verktøy for kontroll og oversikt over produksjon og løyve i eit avgrensa område. Både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet må prioritere naudsynte ressursar innafor tildelt ramme.

For næringen

Tiltaka i forskrift vil på kort sikt føra til auka utgifter og arbeid for oppdrettsnæringa..

Departementet meiner oppdrettsnæringa totalt sett og i tid , likevel vil tjena på dei føreslegne tiltaka. Tiltaka vil føra til betre sjukdomsstatus og betra felles handtering av drifta innan dei smittehygieniske fellesområda.

For miljøet

Det er venta at tiltaka vil gje positive verknader for dei ville bestanda av fisk og miljøforholda i Hardangerfjorden generelt.

Kommentarar, sitert frå ”Hardangerfjord villfisklag”:

Lakselus

På tross av at i samtlege vassdrag kring Hardangerfjorden, med unntak av Etneelva, og laks har vore freda sidan midt på 1990-talet, er bestanden av laks i vassdraga kring Hardangerfjorden på randa av utrydding. Det er ingen andre kjende viktige faktorar enn lakselus som er grunn for dette. Solid dokumentasjon frå forskarhald viser auka dødlighet i sjøfasener grunngjeve med lakselus som den klart dominerande årsaka. Alle sjøaurebestandane frå Granvinvassdraget og til Rosendal er sterkt redusert på grunn av lakselus. Sjøauren i Etne elva har dei siste to åra vore særleg sterkt råka. Seinast i 2009 vart dette dokumentert i NINA si kartlegging av lakselus. Årlege teljingar av for tidleg tilbakevend sjøaure til vassdraga, utført av Rådgivande Biologar sidan slutten av 1990-talet, stadfester lakselus som den viktigaste årsaka til den drastiske tilbakegangen i sjøaurebestanden.

”Sjøørret har blitt fanget ved hjelp av garn, og undersøkt med fire ukers mellomrom (uke 22 og uke 26), fra tre ulike deler av fjorden. Ved den ytterste lokaliteten, Etne (som er en del av den nasjonale laksefjorden Etnefjorden), ble det i mai funnet lite lus på ørreten. Andelen ørret infisert av lakselus var under 50 %, og den infiserte fisken hadde i snitt i underkant av seks lus. I juni, fire uker etter, var situasjonen endret. Så å si all fisk i lokaliteten hadde lus. I tillegg var infeksjonsparametrene langt høyere enn i mai, med et gjennomsnitt opp mot 30 lus per fisk. Nesten all lus var i larvestadiet.

Postadresse: Postboks 40 5733 GRANVIN e-post: postmottak@granvin.kommune.no	Telefon: 56 52 40 00	Telefax: 56 52 40 01	Org.nr.: 844162502	Bankkontonr.: 6501 05 67305	Postgirokontonr.: 0803 5786504
--	--------------------------------	--------------------------------	------------------------------	---------------------------------------	--

I midtre del av fjorden, Rosendal, var det vanskelig å fange nok fisk. Men resultatene herfra tyder på at lakseluspåslaget var moderat i uke 22, og betydelig høyere i uke 26 med nærmere 80 lus i snitt per fisk. Ved den innerste lokaliteten, Granvin, var det generelt lite lus på ørreten og heller ingen økning i infisert fisk mellom registreringene. Derimot ble det observert en betydelig andel for tidlig tilbakevandrende sjøørret til Granvinselva i første del av juni, et klart tegn på at sjøørreten er stresset av luseangrep. Ved påslag av lakselus trekker fisken tilbake til ferskvann som lakselusa tåler dårlig. Dette vil ha betydning for ørretens vekst og overlevelse."

Konkrete miljømål

I oversendingsbrev fra Fiskeridirektoratet til FKD vart det foreslaga å ta inn konkrete miljømål som skulle utløysast dersom måla ikkje vart nådd. I forslaget til forskrift er dette ikkje medteke. Dette var:

- Det skal i snitt ikke være meir enn 5 % rømt oppdrettsfisk i gytebestandene av laks i Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømt fisk er gjennomført.
- Det skal i snitt ikkje være meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanga i virkeområdet for forskrifta.
- Det skal ikkje være prematurt tilbakevandra sjøaure i elvos før 15. juni, og ikkje stor opphopning med tydelig lakselusskada sjøaure seinare i sesongen. Begge deler gjeld for alle vassdrag innan virkeområdet for forskrifta.

Dette er godt kvantifiserbare og konkrete mål som må på plass i ei endeleg forskrift. Utan miljømål vert oppfylgjing av forskrifta vanskelig for næringa, villfiskinteressene og ikkje minst for forvaltninga.

Omdøme til Hardangerfjorden og dermed "Fjordnorge"


"Best i test"! Dei norske fjordane medrekna Hardangerfjorden er på ny kåra til det beste reisemål i verda av magasinet National Geographic. "Den korte turistsesongen, det ulendte terrenget og lokalbefolkning med ibuande kjensle for miljø, lovar godt for reisemålet" skriv ein av dei 440 reiselivseksperterane som har vurdert 133 reisemål. " For å ivareta dette utruleg viktige omdøme av Fjordnorge er me heilt avhengig av å kunne visa til gode resultat av ei bærekraftig forvaltning av fjordane!

Organisering av forvaltninga av Hardangerfjorden

Sitert frå "Hardangerfjord villfisklag":

"Det er ved fleire høve og frå ulike hald vist til det gode samarbeidet mellom villfiskinteressene og næringsaktørane og at dette må vera grunnlaget for positive forvaltingsmessige grep for å betra stoda i Hardangerfjorden. Pr. i dag eksisterer det ikkje konkrete døme på slikt samarbeid. Det er frå villfiskinteressene vist til arbeidet med forskrifta og at denne må på plass som ein grunnmur før ein går inn og konkretiserer samarbeidsprosjekt. Det må ikkje vera slik at forvaltninga av Hardangerfjorden vert overlatt ulike aktørar, næringa og særinteresser."

Med helsing



Jan Ivar Rødland

ordfører

Direkte innval: 5652403510

Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org.nr.:	Bankkontonr.:	Postgirokontonr.:
Postboks 40	56 52 40 00	56 52 40 01	844162502	6501 05 67305	0803 5786504
5733 GRANVIN					
e-post: postmottak@granvin.kommune.no					